

OMFATTANDE ANALYSE AV EKSISTERENDE SYSTEMER FOR ADMINISTRASJON AV NETTBASERT LÆRING (LMSs)

Vennligst fyll ut tabellen under:

Namn på institusjonen:	Høgskolen i Vestfold
LMS i denne undersøkelse:	Class Fronter , ca. 1 aar
Språkdrakt til dette LMS:	Norsk
Antall år i bruk:	3 mnd.
Andre LMS i bruk	Ed-On-Web (siden 1994)
Antall studenter ved institusjonen:	2649 heiltidsstudenter ca. 5000 aktive studenter
Antall kurstilbud ved institusjonen:	Ca. 80-90 ulike kurs Veldig mange kurs av 2-3 dagers varigheit
Mest vanleg varigheit for kurs:	Frå 4 år (allmennlærerutdanninga) til 6 mnd. kurs (etterutdanning)
Antall faglærere ved institusjonen:	Ca. 220

Denne analysen er inndelt i seks deler:

- 1 Verktøy for utvikling av kurs
- 2 Verktøy for støtte for studenter
- 3 Verktøy for støtte for faglærere
- 4 Administrasjon (student database)
- 5 Teknologi (kvalitet og software)
- 6 Pris

1 Verktøy for utvikling av kurs

1.1 Utvikling av kurs.

Kor tilfredsstillande har dette LMS vore med tanke på å lage kurs ?

CF har fungert greit nok. Det er ikkje verktøyet som er begrensningen, det er å tenke i ein ny form for pedagogikk.

Ed-On-Web syntest mange hadde ein høg brukerterskel og dårleg support. Det var utvikla av ein person internt. Denne personen har slutta. Men systemet brukast fortsatt. Ein annan ansatt har overtatt det og vidareutvikla det. Det har vorte ein del forandra.

1.2 Struktur og pedagogisk fleksibilitet – åpenheit

Tillet LMS pedagogisk fleksibilitet ved produksjon av kursmateriell ?

Er strukturen åpen for forskjellige pedagogiske muligheiter ?

Begge LMS er relativt åpne for pedagogisk fleksibilitet. Ein kan legge inn kursmateriell i ulike formater.

1.3 Brukarheit for faglærere.

Kor lett er dette LMS å bruke for lærere og kursutviklere ?

Dei ivrige lærerne lærer dette ganske fort. Men mange har ein terskel for bruk av denne typen pedagogikk. Men eg vil ikkje sei at dette er vanskeleg for nokon.

CF er eit større miljø og eit har tilbod om opplæring av Fronter, som leverer programmet. Opplæringskurs har vorte arrangert, som dagskurs. Ed-On-Web må ein lære seg sjølv.

Bruken av LMS er frivillig blant lærerne. Det er fleire som brukar CF enn Ed-On-Web. Totalt sett er det ca. 25 som brukar CF, av desse brukar 15 brukar det særleg aktivt. Berre ein håndfull brukar Ed On Web.

Vi er inne i eit prøveår med eit begrensa antall lisenser, der vi har oppfordra dei mest interesserte til å vera med på prøveprosjektet. Stort sett er tilbakemeldingane positive frå dei som er med.

1.4 Støtte for grafikk, lyd og video.

Gir dette LMS støtte for bruk av grafisk undervisningsmateriell, levende bilder, lyd og video i kursinnholdet ?

Usikker, men trur det er rimeleg bra dekkja. Vi brukar bilder, lyd og video lite i undervisninga. Det er liten tradisjon og kunnskap for å produsere video. Vi har ei lite gruppe som driv med videoproduksjon, 2-3 personar i alt. Desse er ikkje dei ivrigaste CF-brukere.

1.5 Studentspørsmål, vurderinger og studentoppgåver.

Kva for støtte tilbyr LMS for spørsmål frå studentar og vurdering av studentoppgåver ?

CF har epostsystem og diskusjonsforum. Dei fleste lærere har chatforum, der alle ser alle spørsmål og svar. Studentene kan sende spørsmål direkte til faglærer via epost. Faglærer kan sende mail til heile klassegrupper.

Vår erfaring er at CF har vore for tregt, særleg viss ein har sendt epost til heile klassen og til diskusjonsforum. Dette har truleg sin årsak i for dårleg serverkapasiteten hos leverandøren. Dette har vorte forbedra etterkvart. No har Fronter lagt det over på ein raskere og større server.

Eg har inntrykk av at studentane følgjer opp bruken av CF når faglærer legg opp til det. Ein faglærer som bruker dette kun til å legge ut fagstoff, ikkje vil føre til bruk frå studentane si side. Men viss faglærer legg det opp slik at CF blir ein læringsarena, følgjer studentane også opp.

2 Verktøy for støtte for studenter

2.1 Muligheiter for interaktiv kommunikasjon

Kva for muligheiter tilbyr LMS studentane av interaktiv læring/kommunikasjon ?

Chat, diskusjonsforum, nyheitssider og mail.

2.2 Nettbasert student-til-student-kommunikasjon (synkron og asynkron)

Kva for fasiliteter tilbyr LMS studenten når det gjeld kommunikasjon med andre studentar, og kor godt har dette fungert ?

Gir LMS støtte både synkron og asynkron kommunikasjon mellom studentar ?

Chat, diskusjonsforum, nyheitssider og mail.

Ingen forskjell på kommunikasjon faglærer-student og studentene imellom.

2.3 Nettbasert student-til-faglærer-kommunikasjon (synkron og asynkron).

Kva for fasilitetar tilbyr LMS for studentens kommunikasjon med faglærer, og kor godt har dette fungert ?

Støttar LMS denne kommunikasjonen både synkront og asynkront ?

Har studenten tilgjengeleg support når det gjeld faglege, tekniske og administrative tjenester 24 timar i døgnet ?

Studenten har ikkje tilgang til supporttjenester 24 timar i døgnet.

Lærer er ikkje tilgjengeleg heile tida. Vi har ingen nomadelærere her på høgskolen. Nokre av lærerne har heimekontor, og kan arbeide heimefrå, men alle er fast stasjonert på campus.

CF er ikkje eit system for kommunikasjon med høgskolens administrative ledelse. Veileder i studieadministrasjonen er ikkje tilgjengeleg via dette systemet.

Studentane får innføring i CF. Dagskurs.

2.4 Ressurser, bibliotek og litteraturhenvisninger.

Kva for fasiliteter tilbyr LMS til studenten når det gjeld anskaffelse av ressurser som er nødvendige for kurset, spesielt bibliotek ressurser og referanser til nødvendig litteratur ?

Faglærer kan legge inn sine egne lenker til faglitteratur som finnest på Internett.

Biblioteket har eit veldig godt tilbod. Mange digitaliserte lærebøker og oppslagsbøker. Men det går på sida av CF.

Faglærer opprettar læringsrom. Tilgjengelegheiten bestemst av i kva for "rom" lærestoffet leggest inn i . Eg vil tippe at dei fleste av lærarane som prøver ut CF no, legg ut stoff innan sitt eige virtuelle klasserom.

2.5 Tilbakemelding på studentarbeid og oppgåver.

Korleis er kvaliteten på dei muligheter for tilbakemelding som LMS tilbyr studenten på arbeidet dei har gjort og oppgåver som er levert ?

Dette fungerer relativt tilfredsstillande. Vi kan legge inn veiledning som er individuell for kvar einskild student. Men eg veit ikkje så mykje om dette.

Eg trur Ed-On-Web er basert ganske mykje på bruk av epost.

3 Verktøy for støtte for faglærere

3.1 Oppfølging av studenter – spørring mot studentdatabasen.

Kor brukervennleg er LMS for faglærerne som ønsker å følge opp deira studentgruppe(r) og hente data frå studentdatabasen ?

Vi brukar ikkje CF til spørring mot studentdatabasen. Vi brukar MSTAS som administrativt program. Spørringer mot databasen må skje i MSTAS.

Vi har enno ingen kobling mellom CF og MSTAS. Når vi får det, er det meininga at vi skal importere data til CF regelmessig kvar natt ved batchoverføring.

CF kan ikkje brukast til å foreta spørringer mot MSTAS. Vi skulle veldig gjerne sett at det var mulig. Vi har prøvd å koble sammen leverandørane av desse systemene. Leverandøren av MSTAS har laga ein modul for å koble mot CF. MSTAS er ikkje basert på noko standardisert format, slik som CF er.

Når koblingsmodulen er installert, vil vi likevel ikkje kunne foreta spørringer direkte mot MSTAS frå CF. Det vil ein ikkje tillate pga. sikkerheitshensyn. Koblingsmodulen er basert på batchoppdatering kvar natt, så kan ein spørre mot dei data som er overført. Studenter får ikkje tilgang til å gå direkte inn i masterdatabasen. Av dei data som overføres til CF, vil CF kunne skille på aksessrettingheiter for studenter, lærere og systemadministrator.

Vi kjem neppe dit hen at dette blir fullstendig integrert. Utviklingen går i ein annan retning. Det blir ikkje CF som blir hovedsystemet. Hovedsystemet kjem til å bli Arena Høgskole som er eit programvare som er utvikla av det samme firmaet som leverer MSTAS, ErgoNet. Arena Høgskole er eit paraplysystem.

Hovedideen med Arena er at det skal vera hovedstaden ein går inn. Både CF og tilgang til studentdatabasen er tilgjengeleg innanfor Arena Høgskole. Studentene kan gå inn og sjå på sine egne karakterer og vedlikeholde sine egne personlege data.

Implementasjonen av CF i Arena Høgskole vart uttesta sist sommer hos leverandøren. Men hos oss er det ikkje implementert enno. CF er altså ikkje tilgjengeleg via Arena Høgskole i dag. Utviklingen av Arena Høgskole held fram. Alle høgskoler har fått tilbod. Både CF og tilgang til studentdatabasen er tilgjengeleg innanfor Arena Høgskole. 75 % av brukarane av MSTAS har kjøpt Arena Høgskole.

3.2 Verktøy for veiledning og administrasjon av studentgrupper.

Kva for fasilitetar tilbyr LMS til faglæreren når det gjeld ledelse og administrasjon av deira studentgruppe(r) ?

Det er ikkje heilt tilfredsstillande. Det går på at det er for tungvint å velge ut grupper. Det er for lite fleksibilitet i studentdatabasen i CF. Dette er nok litt barnesjukdomar, som vil forbedre seg etterkvart.

Det er veldig tungvint å slette studenter som aktive studenter når kurset er avslutta.

Dette får betydning, fordi vi betaler lisens til Fronter for aktive studenter. Det koster oss pengar når vi ikkje får inaktivere studentane.

Når Arena Høgskole blir implementert, vil dette problemet bli løyst.

3.3 Forberedelse av spørsmål og oppgaver av veilederen.

Kor suksessfull er LMS når det gjeld å tilby faglæreren brukarvennlege og pedagogisk læreriktige verktøy i arbeidet med å lage spørsmål og oppgaver til studentane ?

Eg har ikkje fått tilbakemeldingar på erfaringar med dette.

3.4 Kursplanlegging for studentar (følge med i studentenes framgang).

Kva for verktøy/hjelpemidler tilbyr LMS til faglærerne for å sette dei i stand til å følge med i (overvåke) og hjelpe studentene med planlegging og råd i studieprogresjonen.

Faglærer kan gå inn på loggen på kvar enkelt student og sjå kor ofte dei har vore pålogga CF. Lærer vil kunne sjå kven som har besvart oppgåver og ikkje. Ved for sein levering kan faglærer sende epost med purring dersom det er opplegget at det skal reagerast på det.

Det finnest ein kalenderfunksjon i CF der faglærer kan legge inn framdriftsplanar for kurs.

3.5 Brukervennlege administrative systemer mellom faglærern og læreinstitusjonen.

Kva tilbyr LMS for å gjere kommunikasjonen mellom faglærer og læreinstitusjon vellykka ?

Chat, diskusjonsforum, nyheitssider og epost.

4 Administrasjon (student database)

4.1 Påmeldingsprosedyrer og betaling av studeiavgift

Kva for fasiliteter tilbyr LMS når det gjeld påmelding av studenter, kursallokeringer og betaling av studieavgifter ?

CF har ingenting her. MSTAS har faktureringsmodul.

4.2 Passord og sikkerheit.

Kor vellykka håndterer LMS student aksess til systemet og sikkerheiten rundt studentenes interaksjon med systemet ?

CF har også sitt aksesssystem. Ein får tildelt rettigheter. Bl. a. rettigheter til dei ulike læringsrommene som opprettast.

Men i CF ligg ikkje så følsomme data som i MSTAS.

Det differensierast mellom lese og skriverrettigheter. Og mellom ulike grader av leserettigheter.

4.3 Student arkiv database.

Kor vellykka er systemets studentdatabase, spesielt med hensyn til lagring og gjenfinning av data ?

CF er for primitivt når det gjeld gjenfinning av data. For eksempel å sortere studenter på ulike måter er ikkje godt nok.

Dette er tatt opp med CF og blir retta.

4.4 Eksamens- og sertifiseringsarkiv.

Kva tilbyr LMS når det gjeld innskriving av data og karakterer som angår eksamener og sertifiseringer ?

Vi er ikkje interessert i å registrere karakterer i CF. Registreringa skal skje i MSTAS.

4.5 Databaser for kurs, klasser og faglærere.

Kva for fasiliteter tilbyr LMS når det gjeld administrasjon av kurs, klasser og faglærarane ?

I CF er det lettare å administrere på klassenivå enn på individnivå. Det er lett å opprette ein ny klasse eller eit nytt kurs.

5 Teknologi (kvalitet og software)

5.1 Serverne - hardware og software valgmoglegheiter.

Korleis er kvaliteten på hardware og software på serverne ?

Kva for valgmoglegheiter har man når det gjeld software ?

Korleis er LMS integrert med den øvrige software ?

CF har gått litt tregt før, men serverkapasiteten har tydelegvis vorte betre.

Vi er godt fornøgd med MSTAS. Vi har den filosofien at ingen skal vera registrert i CF uten samtidig å vera registrert i MSTAS. Første versjon av MSTAS kom i 1986. Det var i DOS. Vi har for lengst fått ein windows-versjon.

Eg sit i styringsgruppa for MSTAS. Vår høgskole var ein av 3 pilotskoler som var med og prøvde ut windows-versjone for 3 år sidan.

Enkle ting kan fiksest over telefon. ErgoNet er lydhøyr for kundenes ønsker. Fronter har oppretta ei brukerguppe, og det fungerer i og for seg bra. Fronter er veldig innstilt på å lytte til kundene.

5.2 Klientene - hardware og software valgmoglegheiter.

Korleis er kvaliteten på hardware og software på klientmaskinene ?

Kvaliteten er meget bra. Vi har ei sterk IT-gruppe og legg mykje pengar ned i oppgradering av utstyr. Alle lærerstudentar som begynte i haust fekk eigen bærbar PC. Internt på skolen har vi trådløst nettverk. Det gjer at når studentane er på campus, kan dei sitje å jobbe kvar som helst, like gjerne i kantina som på datalabben. Her er ca. 200 studentar.

Tilbakemeldingane frå studentane på bærbar PC og trådløst nettverk er berre positive. Dette er eit prosjekt som høgskolen delvis finansierer sjølv. Det er ein revolusjon innan lærerutdanninga. No driv studentane

gruppearbeid kvar dag via datamaskina. Det trådlause nettverket dekker berre internt.

5.3 Fleksibilitet i pedagogisk struktur; oppdatering og tilpassingsevne.

Er den pedagogiske strukturen fleksibel, eller er den bestemt av teknologien ?

Kva for tilpassingsevne har teknologien med hensyn til oppdateringar og ny teknologi som blir tilgjengeleg på markedet ?

Teknologien er ikkje det begrensande, det er lærarens tilpassingsevne som blir minimumsfaktoren når det kjem til stykket.

5.4 Begrensninger i størrelse (antall studenter, kurs, veiledere..).

Kor vellykka håndterer LMS ulike størrelser på antall studenter, kurs og faglærere ?

Korleis taklar LMS 100, 1000 eller 10000 studentar og store kursdatabaser ?

Siden der er tungvint å administrere kvar student, blir dette meir arbeidskrevjande dess fleire studenter vi får.

5.5 Systemet hastigheit.

Korleis er hastigheiten til LMS og studentenes tilfredsstillelse med den ?

Kor raskt maktar systemet nedlasting av kurs og læremateriell som krev stor båndbreidde ?

Serverkapasiteten der CF ligg, har vorte bedre.

Internt på høgskolen er det tilfredsstillande hastigheit.

6 Pris

6.1 Kostnadene ved LMS (Learning Management System).

Kva er kostnadene med dette LMS for institusjonen ?

Prisen er altfor høg, heil ublu !

Ingen fastpris. Årleg avgift pr. lisens. Det gis litt kvantumsrabatt. Vi vil trenge 4.500- 5.000 studentlisenser neste år. Det er stipulert å gje ei utgift på kr. 750.000 årleg. Det tilsvarar ca. 150 pr. lisens.

6.2 Årleg avgift.

Kva for årlege avgifter må betalast av institusjonen for systemet ?

Lisensavgifta.

6.3 Avgifter ved studentpåmelding (100, 1000 eller 10000 studentar).

Korleis varierer avgifter ved å bruke av dette LMS alt etter om studentmassen er på 100, 1000 eller 10000 studentar ?

Er online fakturering mulig ?

Etter vår meining er det for liten kvantumsrabatt.

Vi har mislykkast i å få til ein sitelicens med Fronter. Ein sitelicens inneber at ein slutter å telle brukere når ein kjem over eit visst antall. Skal vera ein vesentleg besparelse. Vårt utgangspunkt er at det bør vera ein vesentleg besparelse med dette.

IT-folk seier at dette (CF) er eit utruleg primitivt administrativt system. For det vi betaler i lisens, kunne vi ansatt eit 2 personer som kunne utvikla eit betre system langt billegar internt.

Programmet er ganske enkelt, og ein dyktig it-person ville ikkje bruke lang tid på å utvikle det.

Slik vi ser det, så held vi i live ein stor stab med selgere hos leverandøren.

6.4 Vedlikeholdskostnader: Staben involvert i ledelse, IT-spesialistar , opplæringspersonell etc.

Kva for vedlikeholdskostnader har institusjonen med dette LMS og kva for personell ressurser er nødvendige for å vedlikeholde det ?

Vi innser at å innføre CF til bruk på campus, vil kreve meir av HW og vedlikeholdspersonale. I dag har vi ikkje spesielle folk til å ta seg av systemet.

Viss vi åpnar dette for alle studenter eller ansatte, må vi forvente meir behov for support. Vi må truleg ha ein spesiell person som kan administrere systemet. Kanskje ikkje ein på heil stilling, men ein deltidsstilling i alle fall.

6.5 Opplæringskostnader. Opplæring av faglærere, stabspersonell og studenter i bruken av systemet.

Kva er kostnadene med å lære opp stabspersonell og studenter i å bruke dette LMS ?

Dette er ikkje all verdens. Vi får ein person hit for å holde eit skreddersydd kurs for 10.000 kroner. Eit dagskurs. For 25-30 kursdeltakere.

Eg vil tru at faglærerne vil lære opp studentene frå no av. Så det vil bli færre av eksterne kurs.

Konklusjon: Generell evaluering:

1. Høgskolen har behov for eit slikt verktøy
2. Ein må sette av tid til å lære og veilede i programmet
3. Ein person på høgskolen må ha hovedansvaret for å opprette lisenser
4. CF er rimeleg enkelt
5. Hjelpesystem og service frå forhandler er rimeleg tilfredsstillande.
6. Tilfredsstillende hastigheit. Er under forbedring.
7. Email til grupper og klasser fungerer bra for dei fleste. Vi bør lage fora for utveksling av pedagogisk erfaringer. Lærarane har endå ikkje vendt seg til å utnytte systemet men er bunden opp i gammel pedagogikk.

Kva for eigenskapar ville du likt å sett inkludert i dette LMS i framtida ?

1. Eit diskusjonsforum som gir bedre oversikt. For dårleg oversikt over kva for innlegg som har komme.
2. Sorteringsfunksjon for studentlister er for lite fleksibel.
3. Mappefunksjonen kan forbedres. (flytting av filer)
4. Skalering av vinduer må gjerast heile tida (slitsomt) Bør vera ein funksjon som automatisk viser når ein har endra eit felles tilgjengeleg dokument. Bør visast i Dagens vindu, som er det første ein kjem inn i når ein startar CF.
5. Større fleksibilitet til å gje rettigheter for lærarane også, ikkje berre systemansvarlig.
6. Ønsker funksjon for automatisk datostyring for utlegg av dokumenter.
7. Vanskleg å finne ut om ein student er aktiv eller ikkje.
8. Ønsker å sjå kor mange som har lasta ned eit bestemt dokument.

Takk for at du har vore behjelpelig med å svare på spørsmåla !